

# Litlelindås – Hoplandskvernene – Fosnstraumen – Litlelindås



Lett  
Easy

Heile rundløypa er 4.1 km.

Litlelindås – Hoplandskvernene 1.4 km

Hoplandskvernene – Fosnstraumen 1.7 km


Fosnstraumen – Litlelindås 1.0 km

Hoplandskvernene – Hopland 2.6 km

Ta naturen i bruk til mosjon, leik og moro. Det er helse i kvart steg. Regelmessig fysisk aktivitet er alltid det beste, både for kroppen og humøret.

God tur!

Foto: Helge Dyrkalbotn



Kvern-entusiastene Moritz Hopland demonstrerer korleis ein opna ei luke slik at vatnet kom inn i renna og dreiv kværnkallen slik at kvernsteinane kunne male kornet.  
Foto: Anne Margrete H. Øksnes

## Hoplandskvernene

Når du har gått langs stien, ca. 1.4 km vestover, gjennom Hoplandsmarka, kjem du til eit viktig kulturhistorisk anlegg. Langs ei elv som renn ut i sjøen her, ligg to kvernhus. I historiske kjelder, er desse husa nemnde alt på 1600-talet. Kvernene vart restaurerte rundt 1. verdenskrig (1914 – 1918) og i 1930-åra. Behovet for kortreist mjøl vart nok ikkje mindre under 2. verdenskrigen (1940 – 1945), og i denne perioden vart kvernene opprusta igjen. Denne gongen under namnet Hopland Bygdemølle. Truleg var det mange som i desse vanskelege åra, kom med havresekkane sine til mølla her. I 1970-åra vart kvernanlegget på nytt sett i stand, finansiert av Austrheim kommune og Statens Kornforretning.

Det har vore meir enn ti kverner i Austrheim kommune. Dei fleste av desse var flomkverner. Det betyr at dei for det meste berre kunne brukast om våren og hausten, då vassføringa i bekkane var størst. Vår og haust passa og inn i rolegare periodar i gardsdrifta. Av alle desse bygdekvernene er det berre anlegget på Hopland som er tatt vare på. Desse kvernene kunne brukast heile året fordi dei hadde ein dam der det alltid var nok vatan.

Kornet måtte helst vere knusktørt når det kom til mølla. Tørkinga kunne gå føre seg i eldhus eller på svaberg. På Hopland veit vi det blei tørka korn på store heller i kjellarar og uthus.

Det er gardane på Hopland som har eigd kvernene her. Kornet som vart male, var truleg for det meste havre, og det kom hit med båt til Kvernhusvågen, nett nedom kvernhusa. Var det flo sjø, kunne robåtane komme heilt inn til det nedste huset. Det har vore dyrka korn i landet vårt i om lag 4000 år. Dei første kvernhusa kom i bruk for 6-700 år sidan. Kornet som vart dyrka i Austrheim, var for det meste havre, i tillegg litt bygg nokre stader. I kalde og våte somrar, var det ikkje lett å få kornet moge. Var ikkje kornet tørt nok, blei det vanskeleg for kvernsteinane å få knust kornet til godt mjøl.

Berre spesielle steinslag kunne brukast til kvernsteinar. Det mest brukte steinslaget var glimmerskifer med granatkorn i. Desse korna laga ei ujamn overflate som knuste kornet til mjøl. Steinane i Hoplandskvernene, kom truleg frå Hyllestad i Sogn og Fjordane.

## På steinalderstiar

Du står ved starten av ei rundløype som går gjennom skog og beiteland til sjøen ved Hoplandskvernene. Derifrå dreiar stien sørover der terrenget skrå ned mot sjøen. Langs løypa har du fin utsikt over Hoplandsosen og til Radøy kommune på andre sida. På veien mot Fosnstraumen, går du på steinalderstiar der arkeologar har funne spor etter forfedrane våre.

### For 5000 år sidan

La fantasien styre blikket og tankane dine når du går på denne stien. Du går gjennom lynghei og småskog der steinalderfamiljar har gått for deg. Her har livet vore hardt å leve. Kvar dag var ein kamp for å finne mat. Nettene var kalde i utette steinhus. Ikkje mange barn vaks opp. Levealderen var låg. Men her var nok og bading og leik på svaberg og langs strendene, då som

no. For det var langs sjøen og på sjøen dei kunne hente maten. Mange steinalderbuplassar finn vi ved straumane. Fosnstraumen gjekk sterk, då som no, og har nok virka som ein magnet på svoltne steinaldermenn og kvinner. Fisket var godt. Det finn arkeologane ut ved å studere søppelplassane. Lag for lag kan det avdekast kva forfedrane våre har hatt på "middagsbordet".

### Søppelplassen fortel

Då som no var menyen dominert av tre fiskeslag, torsk, lyr og pale. Fiskebein frå pale var det mest av. Av og til fekk dei ein laks. Innimellom fekk dei og djupvassfisk som brosme, lange og uer på kroken, for arkeologane har funne restar etter fiskereidskapar. Det meste av fisken er tatt på krok. Dei yngste utgravingane viser at det og har vore fanga sild. Det betyr at dei truleg må ha hatt nett, garn eller not-

liknande utstyr. Arkeologane meiner og at dei gamle slektingane våre har hatt båtar i strevet sitt for den daglege fisk. Mengden av fiskebein i søppelgropene er store, opp til 1,5 meter djupe, og viser oss viktige sider av livet ved Fosnstraumen i periode etter periode. Restar etter båtane som blei brukte, er ikkje funne.

### Kobbe og villsvin

Men litt variasjon i kosten har våre gamle venner hatt. Sel har dei nok sett rundt seg. Utgravingane inneheldt ein del sel- og kobbeknoklar, så av og til har dei kunne fråse i spekk og selkjot. Dess yngre utgravingslaga blir, dess meir variasjon blir det for folket ved straumen. Etter kvart kjem det både fugl, mykje skarv, og fleire dyr som oter, villsvin og hjort inn på menyen.

## Dyr og fugleliv

I Hoplandsmarka bur det mange ulike dyr og fuglar. Er du heldig, kan du få auge på nokre av dei. Hjortestamma i kommunen har vakse seg stor dei siste åra. I 2011 blei det tildelt 134 fellingsløyve og 83 dyr blei felt. Best sjanse for å sjå hjort har du på ein tidleg morgontur, eller om du er ute i skrumringstimen. Du kan og sjå rev eller ekorn langs stien, og i strandsona finst oter. Fuglelivet er rikt. Det mektigaste synet er nok havorna som stadig svevar over land og sjø etter mat. Truleg er det hekkplassar for ørn i kommunen. Det finst og ein liten orrfuglbestand.

Ta gjerne med hunden, men vis omtanke for andre, og hugs at det er generell bandtvang mellom 1. april og 20. august. Det er ikkje lov å gjere opp eld i terrenget mellom 15. april og 15. september.

## Flere turloyper

Rundt i kommunen kan du finne fleire turloyper på land og sjø. Oversikt over desse finn du på eit nytt tur- og opplevingskart. Kartet kan du kjøpe på Servicekontoret i kommunen.

Alle turgåarar har ansvar for seg sjølv, men om ulykka er ute, kan du ringe nødnummeret 113.


## Fakta om Austrheim kommune

Austrheim er ein moderne industrikommune som består av litt fastland og 489 øyar, holmar og skjer, i alt 56 km<sup>2</sup>. I dette øyriket finn du 2800 innbyggjarar (2012) og det vestlegaste fastlandspunktet i Noreg, Vardetangen.

Her er særleg gode forhold for friluftsliv på land og sjø, men og trivelege bumiljø, og eit variert jobbtilbod ved dei mange bedriftene i Mongstadområdet. Austrheim er og Havsportkommunen. I august kvart år, i Havsportveka, samlast fleire tusen havsportentusiastar til m.a. padling, surfing, segling og dykking.

Kontakt Austrheim Kommune, Servicekontoret, tlf: 56 16 20 00 eller [www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)

Velkommen til Austrheim



Godt med ein strekk, og pølse-pause med bestefar etter ein strevsam tur. Ved kvernhusa finst ein fin rasteplass med benkar og bål-plass, og med utsikt over sjøen. I fjæra kan du finne skjell, strandkrabbe og eremittkreps.  
Foto: Britt Rebnard



Med lite og kort fall, og av og til lite vatn, var det viktig å få utnytte dei ressursane ein hadde maksimalt, derfor vart det lagt to kvernhus etter kvarandre. Det øvste huset vart brukt av fire bruk på Hopland, det andre av seks.  
Foto: Terje Høland

Unge menneske på historiske stiar.  
Foto: Anne Margrete H. Øksnes



## Hiking through ancient history

You are now at the starting point of a round trail which runs through forest and pasture land to the sea at the Hopland Mills. From there the trail turns southward towards Fosnstraumen. Here you can walk on Stone Age trails where archaeologists have found traces of human settlements dating back 5 – 8000 years. But first you go westward for 1.4 kilometres through Hoplandsmarka. Then you arrive at a sea-side picnic area and an important cultural and historical facility featuring two grinding mills. In historical sources, these facilities are mentioned as early as the 1600s. The mills were restored around the time of World War I (1914 – 1918) and in the 1930s. The need for locally produced flour was no less during World War II (1940 – 1945), and in this period the mills were once again upgraded and put to good use. Many of the Stone Age settlements in Norway are

to be found near sounds with a tidal current. Fosnstraumen was strong then as it is now, and must have attracted hungry Stone Age men and women like a magnet. Fishing was good, as the archaeologists can ascertain by studying waste disposal sites. Layer by layer they can uncover what our ancestors had on their "dinner tables". Fish was the staple diet, mostly coley, pollock and cod. From time to time they also had meat, at first from seal; later, as the hunters became more skillful, deer and wild boar were added to the menu. Feel free to bring your dog along, but please show regard for other people, and remember the general leash law which prohibits dogs running at large between 1 April and 1 November. Open fires on the ground are not permitted between 15 April and 15 September. All hikers are responsible for their own safety, but in case of emergency you can call 113.

